Fylkesmannen i Vestland

Vår dato: 13.03.2020
Vår ref: 2020/4904
Dykkar dato: 13.03.2020
Dykkar ref:

LERØY VEST AS
Skipavika 54
5397 BEKKJARVIK

Saksbehandlar, innvalstelefon
Tom N Pedersen, 5557 2119

Endring av løyve for Lerøy Vest AS på lokaliteten 38417 Håpollen Aga i Bømlo kommune

Vi viser til søknad frå Lerøy Ves AS datert 11.03.2020 og oversendt frå Vestland Fylkeskommune 13.03.2020.

Søknaden gjeld hold og produksjon av bergnebb som reinsefisk i eksisterande anlegg for oppdrett av berggylt på lokaliteten Håpollen Aga i Bømlo kommune.

Vurdering

Produksjonen på lokaliteten Håpollen Aga er i oppdrettssamanheng svært liten. Det er søkt om å auke biomasseproduksjonen frå 10 tonn til 15 tonn. Vi ser ikkje trong for å gjere andre vurderingar enn dei som vart gjort då løyvet vart gitt 24.11.2017. Dei vurderingane følgjer som vedlegg i brev datert 24.11.2017.

Gebyr for sakshandsaming

Fylkesmannen tar sakshandsamingsgebyr for arbeidet med løyve. Reglane om gebyrinnkrevjing er gjeve i forureiningsforskrifta kapittel 39. Vi har plassert verksemda under gebyrsats 9 (lågaste sats), jf. forureiningsforskrifta § 39-4 om arbeid med fastsetjing av nye og endring av løyve. Verksemda skal betale 6.700 kroner i gebyr for sakshandsaminga. Miljødirektoratet sender faktura.

Verksemda kan klage på vedtaket om gebyrsats til Miljødirektoratet innan 3 veker etter at dette brevet er motteke, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage bør vere grunngjeven og skal sendast til Fylkesmannen i Hordaland. Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemda må derfor betale det fastsette gebyret. Om Miljødirektoratet imøtekjem klagen, vil det overskytande beløpet bli refundert.

Erstatningsansvar

Utsleppsløyvet fritek ikkje verksemda for erstatningsansvar for forureiningsskade, jf. § 10 og kap. 8 i forureiningslova.

Klage

Fylkesmannen si avgjerd kan bli klaga på til Miljødirektoratet av sakens parter eller andre med rettslege klageinteresse innan 3 veker frå underretning om Fylkesmannens vedtak er kome fram eller frå vedkommande fekk eller burde ha skaffa seg kjennskap til vedtaket. Klager som kjem inn etter denne fristen kan ikkje påreknast å bli handsama, jf. forvaltningslova § 31. Ein eventuell klage skal opplyse om kva klagen gjeld og kva de ønsker å endre. Klagen skal grunngjevast. Andre opplysningar av betyding for saken bør nemnast. Klagen skal sendast til Fylkesmannen.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Fylkesmannen eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eige tiltak avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om gjennomføring kan ikkje klagast på.

Partane har innanfor visse rammer rett til å sjå dokumenta i saka. Ta kontakt med Fylkesmannen for fleire opplysningar om dette. Fylkesmannen kan på førespurnad også gi fleire opplysningar om reglar for saksbehandling og andre reglar av betyding for saka.

Vi har sendt kopi av dette brevet med vedlegg til dei saka vedkjem, jf. vedlagt adresseliste.

Med helsing

Einar Nesse Johnsen
rådgjevar

Tom N Pedersen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES

Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Tom N. Pedersen, 5557 2119

Vår dato
24.11.2017
Dykkar dato
26.10.2017

Vår referanse
2017/13109 542.1
Dykkar referanse

Lerøy Vest AS

Løyve til utslepp for Lerøy Vest AS for hold av stamfisk, klekkeri og yngelproduksjon av berggylt på lokaliteten Håpollen i Bømlo kommune

---

Lerøy Vest AS får løyve til forureining frå hald av stamfisk og yngelproduksjon av berggylt på lokaliteten Håpollen i Bømlo kommune. Det er gitt løyve til utslepp av frå ein biomasseproduksjon på inntil 10 tonn årleg.
Utsleppsløyvet er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. § 16.

Vi viser til søknad frå Lerøy Vest AS av 26. oktober 2017 oversendt frå Hordaland fylkeskommune den 30. oktober 2017.

Fylkesmannen i Hordaland gir med dette løyve på visse vilkår. Løyvet med tilhøyrande vilkår er lagt ved dette brevet. Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16.

Fylkesmannen lagt vekt på ulempene for miljøet ved tiltaket og vurdert desse opp mot andre fordelar og ulemper tiltaket vil medføre. Ved fastsetjinga av vilkåra har Fylkesmannen også lagt til grunn kva verksemda kan oppnå med bruk av beste tilgjengelege teknikkar.

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er antatt å ha størst påverknad på miljøet, har vi uttrykkeleg regulert gjennom spesifikke vilkår i løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er omfatta av løyvet i den grad opplysningar om slike utslepp vart framlagt i høve sakshandsaminga eller på annan måte må reknast å ha vore kjent då vedtaket blei gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte stoff som står nemnd i forureiningsforskrifta kapittel 26, vedlegg 1. For verksemder som nyttar slike stoff som innsatsstoff, eller der slike stoff vert danna under produksjonen, er utslepp av stoffa berre omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkåra i løyvet, eller utsleppa er så små at dei må reknast for å vere utan påverknad på miljøet.

Vi understrekar at all forureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Sjølv om utsleppa er innanfor dei fastsette utsleppsgrensene, pliktar verksemda å redusere utsleppa så langt dette er mogeleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje uttrykkeleg er satt grenser for gjennom særskilte vilkår.

Dette løyvet kan seinare endrast i medhald av forureiningslova § 18. Endringar skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell endringssøknad må derfor føreligge i god tid før gjennomføring av ønska endring.

At det er gitt løyve til forureining, fritek ikkje frå erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som skuldast forureininga, jf forureiningslova § 56.

I tillegg til dei krav som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova og produktkontrollova, og dei forskriftene som er heimla i desse lovene. Enkelte av forskriftene er nemnd i løyvet. Vi viser til regelhjelp.no for informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda.

Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrollova, og forskrifter fastsett i medhald av desse lovene, er straffbart.

Dersom løyvet ikkje er teke i bruk innan to år, må verksemda melde frå til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 20.

Saksframstilling og grunngjeving

Søknaden

Verksemda søkjer om løyve for hald av stamfisk og yngelproduksjon av berggylt for bruk som reinsefisk i matfiskanlegg for laks og aure. Det er planlagt hald av 750 stk stamfisk og produksjon av 1 mill yngel med vekt inntil 5 gram.

Produksjonen skal skje med inntak av sjøvatn. Bruk av RAS teknologi skal sikre låg vassforbruk. Avlaupsvatnet skal samlast i ein betongkum kor partikulært materiale skal kunne sedimentere (sedimentasjonsfelle). Slammet skal fjernast og leverast godkjent mottak.

Lokaliteten har tidlegare vore nytta til produksjon av kveite i regi av AGA Marin.

Tilhøvet til plan

Lokaliteten ligg i område sett av som næringsareal (land) og område for akvakultur (sjø) i arealdelen av kommuneplanen for Bømlo kommune. Lokaliteten har tidlegare vore nytta til oppdrett av kveiteyngel. I den inste delen av Håpollen ligg det i dag eit anlegg for østersdyrking.

Merknader frå offentleg høyring

Vis til kommunen sine merknader.

Sjøområdet som resipient

Lokaliteten Håpollen har vassførekomsten Stokksundet (0260010501-6-C) som resipient. Vassførekomsten oppnår ikkje god kjemisk tilstand grunna funn av høge kvikksølvverdiar i biota av torsk og krabbe. Vassførekomsten har elles svært god økologisk tilstand.

Utslepp til sjø

Utlaupsvatnet frå anlegget går til Strilaholmsosen. Utlaupet er like nord for anlegget. Dette er eit terskla område skilt frå Stokksundet av øyar og holmar. Anlegget skal driftast med RAS teknologi, noko som inneber lågt vassforbruk. Avlapusvatnet blir samla i ein kum, slik at

partiklar kan sedimentere i kummen. Oppsamling av organiske partiklar frå ein såpass liten produksjon meiner vi ikkje føre til problem for resipienten.

Organisk produksjonsavfall

Slam frå sedimentasjonskummen blir frakta bort i bil og levert til godkjent mottak.

Støy

Produksjon skjer innomhus på eit areal som er sett av til næringsverksemd. Det er ingen bustader eller fritidsbustader i nærområdet.

V*ilt, laksefisk/innlandsfisk, naturvern og friluftsliv*

Oppdrett av berggylt vil ikkje ha påverknad på vilt, laksefisk eller innlandsfisk. Bruk av eksisterande bygningar og næringsareal vil ikkje føre til endring i for naturvern- eller friluftslivsinteresser.

Vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8–12

Bruk av eksisterande bygningar og areal fører ikkje til endring på påverknad på naturmangfaldet. Oppdrett av berggylt vil kunne redusere trongen for fiske på ville bestandar, og såleis vere positivt for naturmangfaldet.

Fylkesmannen sin konklusjon

Fylkesmannen finn grunnlag for å gje utsleppsløyve for hald av stamfisk og yngelproduksjon av berggylt på lokaliteten Håpollen i Bømlo kommune. Reinsing av avlaupsvatnet samstundes som dette er eit svært avgrensa produksjonsvolum, gjer at vi førebels ikkje set krav om standardisert overvaking av resipienten.

Gebyr

Fylkesmannen sit arbeid med handsaming av søknadar om nye løyve og endring av løyve er omfatta av ei gebyrordning. Verksemda skal betale eit gebyr på kr. 19 700 for Fylkesmannen si handsaming av søknaden, jf forskrift om avgrensing av forureining av 01.06.04 kapittel 39. Faktura vil bli sendt frå Miljødirektoratet. Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter fakturadato.

Klage

Fylkesmannen si avgjerd kan bli klaga på til Miljødirektoratet av sakens parter eller andre med rettslege klageinteresse innan 3 veker frå underretning om Fylkesmannens vedtak er kome fram eller frå vedkommande fekk eller burde ha skaffa seg kjennskap til vedtaket. Klager som kjem inn etter denne fristen kan ikkje påreknast å bli handsama, jf. forvaltningslova § 31. Ein eventuell klage skal opplyse om kva klagen gjeld og kva de ønsker

å endre. Klagen skal grunngjevast. Andre opplysningar av betyding for saken bør nemnast. Klagen skal sendast til Fylkesmannen.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Fylkesmannen eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eige tiltak avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om gjennomføring kan ikkje klagast på.

Partane har innanfor visse rammer rett til å sjå dokumenta i saka. Ta kontakt med Fylkesmannen for fleire opplysningar om dette. Fylkesmannen kan på førespurnad også gi fleire opplysningar om reglar for saksbehandling og andre reglar av betyding for saka.

Vi har sendt kopi av dette brevet med vedlegg til dei saka vedkjem, jf. vedlagt adresseliste.

Med helsing

Henriette Ludvigsen
overingeniør

Tom N. Pedersen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES

Fylkesmannen i Vestland

Løyve etter forureiningslova for hold av stamfisk og yngelproduksjon av berggylt og bergnebb til Lerøy Vest AS

Fylkesmannen gjev Lerøy Vest AS løyve med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16. Løyvet er gjeve på grunnlag av opplysningar i søknad av 26.10.2017 og opplysningar som kom fram under handsaminga av søknaden.

Løyvet er gjeve på dei vilkår som er sett i dette dokumentet med vedlegg. Dette løyvet er berre gyldig etter vedtak i Hordaland Fylkeskommune etter akvakulturlova og laksetildelingsforskrifta. Fylkeskommunen kan gjere vedtak om lågare produksjonsramme og den ramma vil vere gjeldande.

Fylkesmannen kan endre løyvet i medhald av forureiningslova § 18.

Dersom verksemda ønskjer endringar utover det som vart opplyst i søknaden eller under sakshandsaminga og som kan ha miljømessig verknad, må verksemda på førehand avklare dette skriftleg med Fylkesmannen.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan fire år, skal verksemda sende ei utgreiing om omfanget til verksemda. Fylkesmannen vil då vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Verksemdsdata

Verksemd	**Lerøy Vest AS**
Lokalitet	Håpollen
Stad/gateadresse	Skipavika 54
Postadresse	5397 Bekkjarvik
Kommune og fylke	Bømlo, Hordaland
Org.nummer (verksemd)	886 813 082
Koordinatar (Euref89/WGS84)	59° 50,867’ N, 5° 14,201’ E
NACE-kode og bransje	03.212 Produksjon av yngel og settefisk i hav- og kystbasert akvakultur

Referansane til Fylkesmannen

Løyvenummer	Anleggsnummer
2017.1167.T	4613.0113.01

Løyve gjeve: 24. november 2017	Endringsnummer: 1	Sist endra: 13.03.2020
Einar Nesse Johnsen rådgjevar	Tom N. Pedersen seniorrådgjevar	

Brevet er godkjent elektronisk og derfor inga underskrift.

Endringslogg

Endringsnr.	Dato	Punkt	Endringar
1	13.03.2020	1	Løyvet gjeld og for bergnebb og inntil 15 tonn årleg produksjon

1. Rammer for verksemda

Løyvet gjeld forureining frå hald av stamfisk og yngelproduksjon av berggylt og bergnebb. Løyvet gjeld for ein årleg biomasseproduksjon på inntil 15 tonn per år.

Ved vesentlege endringar i drift eller utsleppstilhøve må verksemda søke om endring av løyvet, jamvel om produksjonen ligg innanfor 15 tonn per år.

2. Generelle vilkår

2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er forventa å ha størst miljømessig verknad, er uttrykkeleg regulert gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp vart framlagt i samband med sakshandsaminga eller må reknast for å ha vore kjent på annan måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte stoff oppført i Miljødirektoratet si prioritetsliste[1] Utslepp av slike komponentar er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram uttrykkeleg av vilkåra i løyvet eller dei er så små at dei må reknast for å vere utan miljømessig verknad.

2.2 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, under dette utslepp til luft, vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa blir haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere sine utslepp, under dette støy, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnadar. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkeleg grenser for i vilkår i løyvet.

2.3 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørgje for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan verke inn på utsleppa. System/rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumentert, jf. internkontrollforskrifta § 5 punkt 7 .

2.4 Tiltak ved auka forureiningsfare

Dersom det som følgje av unormale driftstilhøve eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar verksemda å setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren, under dette om nødvendig, å redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogleg informere Fylkesmannen om unormale tilhøve som har eller kan få forureiningsmessige følgjer. Akutt forureining skal varslast i samsvar med punkt 10.4.

2.5 Internkontroll

Verksemda skal ha internkontroll for verksemda si i samsvar med gjeldande forskrift. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda held krav i dette

[1] Forskrift om begrensning av forurensning, Vedlegg 1: Liste over prioriterte stoff, jf. § 29-6, første ledd.

løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda skal alltid ha oversikt over alt som kan føre til forureining, og skal kunne gjere greie for risikoen for forureining.

2.6 Best tilgjengeleg teknologi

Verksemda skal etterleve forureiningslova sitt føre-var-prinsipp for å redusere miljøpåverknaden av drifta og forbruket av ressursar, jf. forureiningslova § 7 og naturmangfaldlova § 12 om bruk av miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar. Dette gjeld for alle interne produksjonsprosessar i anlegget, samt reinsing av avløp.

Verksemda pliktar som ein del av sin internkontroll å halde seg oppdatert på dokumentasjonen som finst for bransjen når det gjeld beste tilgjengelege teknologi (BAT[2]). For å unngå, eller avgrense forureining og avfallsproblem, skal de nytte den beste tilgjengelege teknologien som ut frå ei samla vurdering – også av økonomiske tilhøve, gir dei beste resultata for noverande og framtidig tilstand i miljøet. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett spesifikke grenser for.

2.7 Tiltak for å sikre mot viltskade

Naturmangfaldlova og viltlova set krav om at vi skal ta vare på viltet og leveområda deira for å sikre produktiviteten og rikdomen av artar i naturen. Verksemda pliktar å setje i verk førebyggande tiltak som vernar om både anlegg og vilt.

3. Utslepp til vatn

3.1 Utsleppsmengder

Utsleppa frå landbasert yngelproduksjon er indirekte avgrensa gjennom produksjonsramma i vilkår 1. For dette anlegget er det gjeve løyve til utslepp frå ein biomasseproduksjon på inntil 10 tonn årleg.

3.2 Utsleppsreduserande tiltak

Før utslepp til resipienten skal avløpsvatnet førast gjennom ein kum som skal fungere som sedimentasjonsfelle. Slam frå denne skal leverast godkjent mottak.

3.3 Utsleppstad for prosessavløp

Avløpsvatnet skal førast til resipienten på grunt vatn like nord for anlegget.

3.4 Overflatevatn

Avrenning av overflatevatn frå verksemda sine uteareal skal handterast slik at det ikkje medfører skade eller ulempe for miljøet.

[2] Rapport frå Nordisk Ministerråd, TemaNord 2013:529, BAT for fiskeopdræt i Norden, www.norden.org/no/publikasjoner/publikasjoner/2013-529

3.5 Mudring

Dersom det som følgje av drifta til verksemda skulle vise seg å vere nødvendig med mudring, skal verksemda innhente nødvendig løyve frå forureiningsstyresmakta. Slik mudring må verksemda koste sjølv..

4. Utslepp til luft

Diffuse utslepp frå produksjonsprosessar, uteareal, lagerområde, område for lossing/lasting, reinseanlegg og anlegg for behandling av slam, som kan medføre skade eller ulempe for miljøet, skal avgrensast så langt som mogleg. Fôrlagring, spyling, reingjering og tørking av utstyr, handtering av avfall og andre aktivitetar ved anlegget skal gå føre seg på ein slik måte at det ikkje fører til nemnande luktulemper utanfor verksemda sitt område.

5. Grunnforureining og forureina sediment

Verksemda skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunnen som kan føre til nemneverdige skader eller ulemper for miljøet.

Verksemda pliktar å halde kontinuerleg oversikt over eventuell eksisterande forureina grunn på verksemdsområdet og forureina sediment utanfor. Det same gjeld faren for spreiing, og om det er trong for granskingar og tiltak. Dersom det er nødvendig å setje i verk granskingar eller andre tiltak, skal Fylkesmannen varslast om dette.

Graving, mudring eller andre tiltak som kan påverke forureina grunn eller forureina sediment, må ha løyve etter forureiningslova, eventuelt godkjenning frå kommunen[3] eller Fylkesmannen[4].

6. Kjemikal

Med kjemikal meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som blir brukt i verksemda, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikal, til dømes groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og middel for å hindre brann.

For kjemikal som blir brukt på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal verksemda dokumentere at ho har gjort ei vurdering av helse- og miljøeigenskapar til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også punkt 2.6 om internkontroll.

Verksemda pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikal. Verksemda skal gjere ei kontinuerleg vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø valda av dei kjemikala som blir brukt, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytt til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar verksemda å bruke desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.[5]

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillas og seljast, eller bli brukt utan at dei er i samsvar med krava i REACH-regelverket[6] og andre regelverk som gjeld for kjemikal.

[3] Forureiningsforskrifta kapittel 2 om opprydding i forureina grunn ved byggje- og gravearbeid
[4] Forureiningsforskrifta kapittel 22 om mudring og dumping i sjø og vassdrag
[5] Produktkontrollova § 3a
[6] Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og avgrensing av kjemikal (REACH)

7. Støy

Anlegget skal utformast og drivast slik at det ikkje oppstår urimelege støyplager for omgivnaden. Jamvel om verksemda held seg innafor grenseverdiane for støy, har ein likevel plikt til å redusere støy mest mogleg med hjelp av best tilgjengeleg teknologi. Dette kan mellom anna omfatte skjerming av vifter eller omplassering / innebygging av særleg støyande maskinar. Aktivitetar som medfører fare for spesiell støy, bør i størst mogleg grad gjennomførast innanfor vanleg arbeidstid, dvs. måndag til fredag kl. 7-16.

Verksemda sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggjande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar, barnehagar skal ikkje bryte følgjande grenser, målt eller rekna ut som frittfeltsverdi ved mest støyutsette fasade:

Kvardagar	**Laurdagar**	**Søn- og helgedagar**	**Kveld (kl. 19–23), kvardagar**	**Natt (kl. 23–07), alle døgn**	**Natt (kl. 23–07), alle døgn**
55 Lden	50 Lden	45 Lden	50 Levening	45 Lnight	60 LAFmax

Lden er A-vege ekvivalent støynivå for dag/kveld/natt med 10 dB/5 dB tillegg på natt/kveld.
Levening er A-vege ekvivalent støynivå for kveldsperioden 19-23 –
Lnight er A-vege ekvivalent støynivå for nattperioden 23–07.
LAFmax er A-vege maksimalnivå for dei 5–10 mest støyande hendingane innanfor perioden, målte/rekna ut med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Verksemda skal halde alle støygrenser innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå verksemda si ordinære verksemd, inkludert intern transport på verksemdsområdet og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av verksemda sine tilsette er likevel ikkje omfatta av grensene.

8. Energi

Verksemda skal ha eit system for energileiing i verksemda for kontinuerleg, systematisk og målretta vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå mest mogleg energieffektiv produksjon og drift. Systemet for energileiing skal inngå i internkontrollen til verksemda, jf. punkt 2.6 og følgje prinsippa og metodane gitt i norsk standard for energileiing.

9. Avfall

9.1 Generelle krav

Verksemda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnadar eller ulemper å unngå at det blir danna avfall som følgje av verksemda. Særleg skal verksemda prøve å avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet mest mogleg.
Verksemda pliktar å sørgje for at all handtering av avfall, under dette farleg avfall, skjer i samsvar med gjeldande reglar for dette fastsett i eller i medhald av forureiningslova, under dette avfallsforskrifta[7].

9.2 Organisk produksjonsavfall

Produksjonsavfall i form av død fisk, fôrrestar, slam, feitt med vidare skal handterast på ein slik måte at det ikkje oppstår fare for forureining. Nedgraving eller dumping av slikt avfall i sjøen eller på land er ikkje tillate.

[7] Forskrift om gjenvinning og handsaming av avfall

Verksemda sitt produksjonsavfall skal handterast slik at det i størst mogleg grad kan utnyttast som ein ressurs:

- Oppsamla død fisk skal konserverast omgåande ved ensilering, frysing, eller liknande og førast til eige lager før levering til godkjent mottakar. Ved ensilering skal fisken kvernast. Anlegget skal ha beredskap for å kunne handtere massiv fiskedød.
- Oppsamla slam frå reinsing av produksjonsvatn og avløp skal så langt mogeleg utnyttast til gjødsel/jordforbetringsmiddel eller energiføremål. Verksemda må ha ein plan for handtering av slammet i tråd med gjeldande regelverk[8] på dette området. Transport til godkjent anlegg for mottak/bruk skal skje på ein slik måte at det oppstår minst mogeleg ulempe, lukt med vidare.

Død fisk og anna produksjonsavfall/slam som eventuelt inneheld restar av medisinfôr, antibiotika, insekticid eller andre miljøfarlege stoff skal handterast slik at anna oppsamla produksjonsavfall som skal utnyttast som ressurs ikkje vert ureina. Dette må lagrast i eige lager med tilstrekkeleg kapasitet.

10. Tiltak for førebyggjande og beredskap mot akutt ureining

10.1 Miljørisikoanalyse

Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av verksemda si. Verksemda skal vurdere resultata med tanke på akseptabel miljørisiko. Potensielle kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft skal kartleggjast. Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og skal omfatte alle tilhøve ved verksemda som kan føre til akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på område til verksemda eller utanfor. Ved modifikasjonar og endra produksjonstilhøve skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Verksemda skal ha oversikt over miljøressursar som kan bli råka av akutt forureining og dei helse- og miljømessige konsekvensane slik forureining kan føre til.

10.2 Førebyggjande tiltak

På basis av miljørisikoanalysen skal verksemda setje i verk risikoreduserande tiltak. Både sannsynsreduserande og konsekvensreduserande tiltak skal vurderast. Verksemda skal ha ein oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

10.3 Etablering av beredskap

Verksemda skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er sette i verk, etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt forureining. Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som verksemda til ei kvar tid representerer. Verksemda skal øve på beredskapen mot akutt forureining minimum ein gong per år.

10.4 Varsling om akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med gjeldande forskrift[9]. Verksemda skal også så snart som mogleg varsle Fylkesmannen gjennom fmhopostmottak@fylkesmannen.no i slike tilfelle.

[8] Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav, og anna relevant regelverk
[9] Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining

Fylkesmannen føreset at verksemda kan leggje fram meir utfyllande dokumentasjon, til dømes ved tilsyn, om verksemda sine aktivitetar knytt til miljørisikoanalysen, dei førebyggjande tiltaka og beredskapen.

11. Utsleppskontroll og rapportering til Fylkesmannen

11.1 Utsleppskontroll

Verksemda skal ha oversikt over fôrforbruk, biomasseproduksjon og slamproduksjon i anlegget. Då produksjonen er svært lita, blir det ikkje sett krav om målingar av utslepp.

11.3 Rapportering til Fylkesmannen

Inntil det blir etablert ei ordning for rapportering gjennom Altinn, føreset vi at data under punkt 11.1 kan leggjast fram ved førespurnad.

12. Overvaking av resipient

12.1 Krav til miljøtilstand

Utslepp frå anlegget skal ikkje føre til at vedtekne miljømål for vassførekomsten ikkje let seg gjere å oppnå, eller at miljøtilstanden vert redusert, jf. vassforskrifta[10] og tilhøyrande klassifiseringsrettleiar[11] for miljøtilstand.

Utslepp frå anlegget skal ikkje føre til at gravande dyr ikkje kan eksistere ved eller i nærsona til utsleppsstaden for avlaupsvatnet. I sedimenteringsområdet skal tilstandsklassa over tid ikkje vere dårlegare enn klasse II når det gjeld djupvatn, blautbotnfauna og sediment, og skal ikkje ha ei negativ utvikling.

Overflatevatnet i influensområde skal om sommaren ikkje vere dårlegare enn naturtilstandsklassa for området.

Strandsona nær anlegget skal ikkje vere synleg påverka av utslepp eller anna ureining frå anlegget.

12.2 Krav til overvaking

Dette løyvet har ikkje sett krav om overvaking. Verksemda pliktar ved visuell inspeksjon ved utsleppspunktet å sjå til at det ikkje er synlege spor av utsleppet.

Verksemda kan etter særskild vedtak bli pålagt å gjennomføre meir omfattande granskingar eller overvaking, dersom Fylkesmannen finn dette naudsynt for å kartlegge anlegget sin forureiningseffekt på resipienten, jf. forureiningslova § 51. Verksemda kan også eventuelt bli pålagt å betale for ein høveleg del av kostnadene ved ei felles resipientgransking (enkeltståande eller vedvarande program) i lag med andre verksemder med utslepp i området.

[10] Forskrift om rammer for vannforvaltningen (vannforskriften) av 15.12.2006, nr 1446

[11] Direktoratsgruppa Vanndirektivet 2013, Veileder 02:2013 Klassifisering av miljøtilstand i vann

13 Utskifting av utstyr

Viss verksemda skal gjere utskifting av utstyr i verksemda som gjer det teknisk mogleg å motverke forureining på ein vesentleg betre måte enn då løyvet vart gjeve, skal Fylkesmannen på førehand få melding om dette.

Ved all utskifting av utstyr skal verksemda nytte dei beste tilgjengelege teknikkane for å motverke forureining.

14 Eigarskifte

Viss verksemda blir overdratt til ny eigar, skal verksemda sende melding til Fylkesmannen så snart som mogleg og seinast ein månad etter eigarskiftet.

15 Nedlegging

Viss eit anlegg blir nedlagt eller ei verksemd stansar for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for forureining. Viss anlegget eller verksemda kan føre til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal verksemda i rimeleg tid på førehand gje melding til Fylkesmannen.

Fylkesmannen kan fastsetje nærare kva for tiltak som er nødvendig for å motverke forureining. Fylkesmannen kan påleggje eigaren eller brukaren å stille garanti for dekning av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar.

Ved nedlegging eller stans skal verksemda sørgje for at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall blir teke hand om på forsvarleg måte, under dette at farleg avfall blir handtert i samsvar med gjeldande forskrift. [12] Dei tiltaka som blir sette i verk ved slike høve, skal verksemda rapportere til Fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal også innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalrestar og ubrukte kjemikal og namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging av ei verksemd skal den ansvarlege sørgje for at driftsstaden blir sett i miljømessig tilfredsstillande stand igjen.

Viss verksemda ønskjer å starte drifta på nytt, skal verksemda gje melding til Fylkesmannen i god tid før start er planlagt.

16 Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsstyresmakta eller dei som har mynde, føre tilsyn med anlegget til ei kvar tid.

[12] Avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall